

Rapport frå kontrollkomiteen 2020-2021

Kontrollkomiteen har vore sett saman av Mads Opheim (leiar) og Kaja Sparre Bakke, med Stine Østnor som vara. Komiteen har fortløpende fått kopi av all e-post på styrelista, inkludert innkallingar til og referat frå styremøta. Komiteen har følgd tidlegare års praksis med å inkludere vara i arbeidet på lik linje med dei faste medlemmene.

Merk at forrige periodes kontrollkomité satt fram til landsmøtet i juni, i og med at det ekstraordinære landsmøtet i midten av mars 2020 kun valde nyt styre. Dermed vart forrige kontrollkomité sitjande fram til det ordinære landsmøtet fann stad i juni 2020. I og med at både komiteens leiar og vara var med i begge komiteane, var ikkje dette noko problem for komiteen. Omstenda rundt 2020-landsmøta elles vart elles omtalt i komiteens rapport for forrige periode.

Kontrollkomiteen si rolle er å sørge for at styret og organisasjonen opererer innanfor vedtekter og vedtak. Vi er også eit organ styret og kontoret kan og bør konsultere med på forhand - uttrykket *better safe than sorry* er skildrande for når styret bør spørre kontrollkomiteen om råd.

Vi er glade for å sjå at det i år har vore få epostvedtak. Tidlegare periodar har hatt mykje av dette, og det har vore innvendt frå fleire kontrollkomitear at dette er ein uheldig praksis. Vi vil derfor gi ros til styret og kontoret for god praksis på dette feltet i denne perioden. Tilsvarande er vi glade for å sjå at referat frå styremøta i perioden regelmessig er sendt ut.

Kontrollkomiteen har merka oss nokre punkt i vedtektena vi har sett som utydelege, og dermed har komiteens medlemmar sendt inn endringsforslag til landsmøtet på desse områda. Vår erfaring er at jo meir eintydige vedtekter er, jo betre er det.

